

# **BOKN BYGDAABLAD**

---

NR. 5 - JUNI 1996 - ÅRG. 11

---

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

## **SØNDAGSTUR TIL FORTIDA, 25. AUGUST**

Dette store prosjektet, som før har vore omtalt i bygdabladet, byrjar å ta form. Sjølve hovudarrangementet, som Arkeologisk museum i Stavanger ( AmS ) har det faglege ansvaret for - og som har sentrum i Peralia, vil gå føre seg kl. 12.00 - 16.00. I tillegg vil me visa tilreisande og andre interesserte boknarar kommunen vårn med å arrangera open dag.

I Peralia og i løypene vil der bli stands og stasjonar både av AmS sine folk og lokale samarbeidspartnarar. AmS vil gi smaksprøvar på forhistorisk mat laga på steinaldervis. Muséet frå Stavanger vil i sin stand der dei sel ulike artiklar ha prospektkort med bilde av den berømte gullspenna som blei funne i ein bekk på Austre Bokn i 1923. Då dei bygde gamlevegen på Austre Bokn, blei der brukt masse frå bronsealderhaugen, og ein trur at gullspenna kjem frå denne massen. Vidare vil AmS ha aktivitetar med stokkebåt-padling og myntpreging.

Den lokale matgruppa vil stå for sal av lapskaus, kaffi, brus, is og pølsjer. Det er også planlagt ein fiskeburgerstasjon ved Lauplandsvågen.

Urtegruppa skal også ha sin stasjon med m.a. mange typar urteté. I tillegg til at Arsvågen har ope på vanleg måte denne søndagen, vil der i sjøhuset til Steinar Alvestad vera havmat som fiskesuppe, ål, laks, reker, osv. samt fersk himabakst - levert frå skulekjøkkenet!

Hestegruppa i Bokn skal også vera med, og det er i tillegg til hestetransport aktuelt med ridning for barn. Vidare har me ei tilretteleggingsgruppe der Røde Kors, teknisk etat, speidarane, idrettslaget og skulen kjem inn i bildet. To kulturgrupper er klare for dagen; ei bygdehistorie-gruppe og ei anna gruppe der m.a. viltnemda skal ha ein viltstasjon med utstoppa dyr og bilder frå dyrelivet i kommunen vår.


Publikum vil få karter, og frå Peralia blir det rundturar. Den eine går til Laupland, og løypa går innom gravrøyser frå folkevandringstida ( 500 e.k ), ei skipsnausttuft frå jernalderen, kjølhalingssstaden ved Lauplandsvågen der jekter blei kjølhalte på midten av 1800-talet, og sjølvsagt går turen innom kvernhuset. Det blir også lagt opp til besøk av

røykstova og Kårhuset. Gruva i røykstova blir oppmurt til denne dagen etter at det er bevilga midlar frå fylkeskommunen, Bokn kommune og Karmsund folkemuseum.

Den andre turen frå Peraliå går til gardsanlegga oppe på Vatnaland. På ei synfaring foretatt av prosjektgruppa og folk frå AmS, blei det frå arkeologen fortalt at desse gardsanlegga er frå folkevandrings-tida eller eldre. Og om ikkje dette var nok, så ligg det ved sida av tufter etter middel-alderanlegg!

I begge løypene vil AmS har stasjonar med temaer som Bokns steinalder, Bokns vegetasjonshistorie og geologi, Bokns fauna og Bokns lokalklima - så her er det det mykje interessant!

I samband med arrangering av open dag vil 4 bussar, som også vil stå for tilbringarteneste frå P-plassen for tilreisande, gå 4 ulike bussruter til ulike severdigheter i Bokn. Rutene vil vera Peraliå - Loden med stopp i Straumen, Peraliå - Bokn kyrkje via Håland og bygdemuseet med stopp ved syngjesteinen på tilbaketuren, Peraliå - Boknafjellet via Grønnestad med stopp ved Trosvavågen, og endeleg Peraliå - Austre Bokn via Oksebåsen med stopp ved Bronsealderhaugen på Austre Bokn. Der vil AmS ha ein stasjon, og bussen vil då venta på passjerane før retur til Peraliå. Bussturane vil ha ulike lengder, og bussane vil også ha ulike avgangstider. Bussane vil køyra



desse rutene frå kl. 12.30 til kl. 17.00, og passjerane kan gå av på dei ulike stasjonane og vera der til neste buss kjem. Der vil då vera utplassert guidar på dei forskjellige stasjonane.

Som det går fram av innhaldet så er det eit veldig stort arrangement med står foran, og særlig viss det kjem ein del folk. Til samanlikning var der 3.000 stk. på Kvitsøy på same type arrangement. Me i prosjektgruppa føler me har kontrollen, og planlegginga har også foregått sidan i fjor haust.

Me håpar at sommaren slår skikkeleg til 25. august. Dette kjem til å bli ein fantastisk, lærerik og minnerik dag.

Gled dykk!

- kulturleiaren -

## **OMLEGGING AV POSTTENESTENE FÅR BETYDNING FOR BOKN FRÅ SEPTEMBER 1998**

Det er tid for omlegging og omstrukturering av drift og tenestetilbod i det offentlege. Posten er ikkje noko unntak - og dette vil få betydning for kommunane her i distriktet.

For kort tid sidan vart det lagt fram ein samla plan for vårt postområde. For Bokn sin del så ligg det i desse planane at nåverande postkontor skal nedleggjast frå september 1998, og det vil bli oppretta ein såkalla Postfilial. Denne kan drivast av ein samarbeidspartner som kan vera t.d. ein butikk, ein bensinstasjon, ev. andre stader der det ferdast mykje folk som t.d. i tilknyting til kommale kontor. Dei som ev. skal驱ra dette vil få ei godtgjering av Posten i forhold til den «produksjonsmengda» som vil føregå ved filialen. Tenestene ved ein slik filial vil vera innlevering av brevpost, sal av frimerke, utlevering av pakkar, rek. sendingar, utlevering via postboksanlegg og dei banktenestene som kan produserast i elektroniske løysingar.

I Bokn vil landpostbudet halda fram som i dag.

Pressetalsmann Eldar Søvik ved Haugesund postkontor seier til Bokn Bygdablad at ein filial har litt færre tenester enn postkontoret har i dag. Det som ligg føre i planen er eit forslag, og det er ikkje heilt sikkert at det blir gjennomført for Bokn sin del. M.a. får kommunen høve til å uttala seg til planen.

Dei som blir ledige i Posten etter omlegginga, skal ein prøva å tilby andre ledige stillingar i etaten, ev. andre ordningar som vidare utdanning, sluttvederlag o.l. Dei kan også få tilbod på andre statlege stillingar.

Også andre kommunar får store endringar dersom planen vert gjennomført. For Tysvær sin del vil berre Aksdal få behalda postkontor, medan det skal opprettast filial i Hinderåvåg, Skjoldastrumen og i Hervik. Nedstrand og Førdesfjorden postkontor vert nedlagde.

### **JAKTPRØVE**

Øving: Sundag 30.06. kl. 14.00 - 16.00  
« Sundag 21.07. kl. 14.00 - 16.00  
« Onsdag 31.07. kl. 18.00 - 20.00

Prøve: Sundag 11.08. kl. 14.00 - 16.00  
« Onsdag 21.08. kl. 18.00 - 20.00

*Bokn skyttarlag*

## **SR-BANK BOKN HAR IGJEN KVINNELEG LEIAR BRYNHILD TRANBERG ER EINASTE KVINNELEGE BANKSJEF I SR-BANK REGION HAUGALANDET**

Brynhild Tranberg hadde før 15.august i fjor sitt daglege arbeid i SR-Bank Tysvær i Aksdal kor ho var kunderådgjevar med hovudoppgåver innanfor personalarbeid og utlån. Då ho vart spurd om å overta som banksjef i Bokn hadde ho arbeidd 13 år i Aksdal. Ho medgir at ho følte det som ei tillitserklæring at ho vart spurd, og at det gir henne inspirasjon og pågangsmot i arbeidet. Her i Bokn er ho den andre kvinnelege banksjefen, ettersom Bertha Våge var den første i SR-bank si historie. Brynhild Tranberg seier at ho nok føler større ansvar i den stillinga ho har nå, men ho får hjelp og oppfylgjing både frå regionbanksjefen og andre når ho har behov for det. Sjølv om det foregår samrådingsmøte i regionen, er det også ofte det må takast sjølvstendig avgjerder i mange spørsmål.

Før ho sa ja til stillinga, tenkte ho at det kunne bli slitsamt å kjøra

3,8 mil X 2 kvar arbeidsdag, men dette har gått over all forventning.

Brynhild Tranberg seier at arbeidet her har lært henne mykje, men at det ennå er område ho må jobba ekstra med for å få meir kunnskaper. Ho synes det er viktig å anstrenga seg for å gjera ein god jobb både for kundane og leiinga. I desse «nedleggingstidene» reknar ho med at banken her skal fungera så lenge dei tener pengar. Og det gjer dei. Ho synes det gjekk relativt kvikt å bli kjend med folk her, og det blir eit anna forhold også i banken når alle kjenner kvarandre i eit mindre samfunn.

Brynhild Tranberg er elles snart 54 år, har ektefelle og 3 vaksne barn og 4 barnebarn. Om ho vil, kan ho sjå innom nokre av barnebarna ved at ho på heimvegen tar av frå RV1 på Austre Bokn og kjører i retning Nerabø.



### **TIL ALLE HUSSTANDAR I BOKN KOMMUNE**

*I april/mai fekk kvar husstand i kommunen tilsendt eit spørjeskjema der ein ynskte å kartlegga psykiske problem/lidingar i Bokn kommune*

*Me vil nytta høvet til å takka dei av dykk som har hjelpt oss med å svara på skjemaet.*

*Me vil no oppmoda dei av dykk som ikkje har svara, å setja av nokre minutt og senda inn skjemaet. (Sjølv om ikkje nokon idinhusstand har psykiske lidingar, er det viktig at du svarar).*

*Me vil minna om at spørjeskjemaet er anonymt, og vil berre bli brukt som grunnlag for å utarbeida plan for psykisk helsevern i kommunen.*

## **MINNEORD**

Astrid Søndeland er død, nær 90 år gammal.

Astrid var frå Myge ved Røyksund, og dei var 9 sysken. Foreldra hadde gardsbruk, og faren var også bygningsmann.

Astrid vart enke då mannen omkom i eit forlis ved Island. Ho måtte då greia seg aleine med dottera si til ho nesten var vaksen. Ho arbeidde då i butikk i Haugesund.

Seinare vart Astrid gift med Lars Søndeland i 1946, og flytta til Bokn.

Astrid har etter at ho kom til Bokn vore husmor og stelt for ektefellen Lars. P.g.a. ei funksjonshemmning trengte han hjelpe med mange ting, og ho kunne vera med å tilrettelegga arbeidet hans som fiskar utanom det ho gjorde i heimen. Ho var flink til å arbeida, og var gjestfri, open og ærleg.

Ho var ein del år med i ei misjonsforeining i Hognalandkrinsen.

Det er ikkje så mange år sidan du kunne sjå Astrid på vegen. Ho var frisk og rask til ho var oppe i ein høg alder.

Av nære pårørande lever ektefellen Lars att i Bokn. I U.S.A. bur barnebarnet Gail og to oldebarn.



Randi Alvestad er død, 30 år gammal.

Ho var dotter til Bjørg og Ottar Alvestad, og var nr. 5 av 7 sysken som vaks opp.

I oppveksten var Randi særleg interessert i musikk, og var medlem i Bokn skulekorps og seinare i Bokn Brass. Denne interessa hadde ho også seinare, og var med i musikkorps på Finnøy etter at ho fekk arbeid der. Ho var også aktiv i idrett, og var m.a. med på jentelag i fotball i Bokn.

Etter ungdomsskule i Bokn gjekk Randi på vidaregåande skule i Kopervik. Så kombinerte ho arbeid og skule eitt år i Tyskland før ho studerte to år ved DH i Stavanger. Etter dette begynte ho ved Universitetet i Bergen. Etter cand.mag.grad hadde ho praksis som undervisningsassistent ved Sosiologisk institutt. Etter fullført hovudfagstudium vart ho i 1994 tilsett som personalkonsulent i Finnøy kommune. Det var positiv omtale av henne vedrørande det arbeidet ho utførte.

Randi Alvestad vil bli sakna av mange.

Dei fleste vil hugsa Randi som glad og smilande. Ho var imøtekommende og venleg, og hadde eit roleg og avbalansert vesen.

Næraste attlevande er sambuaren Ove, mora Bjørg og 6 sysken.

## Økonomien i Bokn.

---

I aviser og andre media har det i den seinare tid vore skrive mykje om at økonomien i mange kommunar er vanskeleg for tida.

Og signal frå sentrale styresmakter gir heller ikkje håp om betre økonomi i framtida.

Staten endrar inntektssystemet til kommunane slik at nesten alle kommunane får endra sine økonomiske overføringar, og mange småkommunar får reduksjon.

Også i Bokn har økonomien vorte vanskelegare. Og på toppen av reduksjon i overføringane har kommunen investert i nybygg og såleis auka lånegjelda si. Kommunen har relativt store lån i høve til inntekta.

Ved budsjettet i desember 1995 fekk formannskapet i oppgåve og redusera budsjettet og sjå på kvar ein kunne spara pengar.

Både skule og helseetaten har dermed mått redusera med tilsamen ca. kr. 400.000. Likevel viser det seg no at dette ikkje er nok for å få 1996-budsjettet i balanse.

Ved lønnsoppgjerset for dei kommunetilsette fekk dei ein lønnsauke på 4% medan kommunen i sitt budsjett hadde rekna med ca. 2,5%. Dermed får Bokn kommune ca kr. 200.000 meir i lønnsutgifter i år enn budsjettet. Dessutan får kommunen truleg redusert sine tildelte rammer med ca. kr. 200.000 i samband med revidert nasjonalbudsjett i slutten av juni.

Derfor vil det truleg bli nødvendig å foreta endå fleire nedskjeringsar for å få endane til å møtast. Dette året ser ut til å bli eit omstillingår for Bokn kommune. Greier kommunen å redusera drifta i år slik at vi kan koma gjennom dette året utan underskot, ser det litt lysare ut for 1997. I følge innstillinga frå kommunalkomiteen vil Bokn få eit regionaltilskot som gjer at overføringane neste år vert omtrent på same nivå som i år.

Ein annan viktig faktor for kommuneøkonomien er kva inntekter kommunen kan få frå nye etableringar på Kårstø. Det mest spanande akkurat no er om Kårstø blir valt som ilandføringsstad for Åsgård-gassen. Og i neste omgang om røyrleidning for gass til eller frå Kårstø kan bli lagt over Bokn.

Målet for oss politikarar og dei tilsette er at Bokn Kommune skal vera ein god kommune å bu i for alle, både små og store. Det er ikkje viljen det står på, det er økonomien som set grensene.


Dette er ikkje meint som noko klageskrift, men som ei orientering om korleis den økonomiske situasjonen er for Bokn Kommune.

Derfor er det å håpa at innbyggjarane i Bokn syner forståing for kva situasjon kommunen er i, og at vi som er valt til å styra kommunen greier oppgåva utan altfor store negative verknader for folk flest.

*Sigrunn Hole Hosaas  
ordførar*

***Prosjektveka -96***  
***«HAVET SOM SPISKAMMERS»***

Me på skulen vil med dette takke alle som gav oss hjelp og gjorde det slik at det vart ei vellukka veke for store og små. Det var og svært gildt at så mange kom innom til oss fredagen og var med og åt den gode maten elevane hadde laga til. Takk for råvarer, kaiplass, båtar til fisking, og velvilje frå lokale verksemder som tok imot alle elevane våre. Ein stor takk til alle.



Det går mot slutten av skuleåret 1995/96. Siste dagen for elevane er 18. juni. 9. klasse har hatt engelsk skriftleg eksamen og er spente på om dei kjem opp i munnleg 12. juni. Sundagmorgen 16. juni reiser dei på klassesetur til Oslo og kjem att om kvelden 20. juni. Dagen etter vert det avslutningsfest for elevar og foreldre. 7. og 8. klasse skal i veke 23 ha årsprøvar. Då er gymsalen oppteken til dette. I veke 24 skal 8. klasse ut i arbeidsveka si. Det er fyrste året at me har denne veka så seint i skuleåret. 4., 5., og 6. klasse skal vere med å rydde i Lauplandsvågen føre den store dagen i august då me skal på tur til fortida. 4. klasse skal dessutan til Stavanger og Sandnes - dei skal m.a. innom Arkeologisk museum og Badeland. Elles vil 6. klasse ein tur til Peralia ei natt. Det er også andre turar under planlegging, men alt er ikkje klart ennå. Måndag 17. juni er det «Blåtur» for alle elevane og lærarane på skulen - reisemålet er hemmeleg for dei aller fleste av oss.

I dag, 31. mai, har me hatt idrettsdag. Me greidde så vidt å kome gjennom alle øvingane mellom bygene. Me slutta av med fotballkamp mellom 9. klasse og lærarane. Resultatet vart 3 - 2 til 9. klasse.

Elles så saknar me å sjå elevane gå rundt i lette sommarklede - og ungdommane som slikkar sol i solveggen. Me på skulen ventar som alle andre på sommarvarmen og ei fin avslutning på skuleåret.

Gode sommar og ferie til alle.

I.T.

# BOKN FOLKEBIBLIOTEK

## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl. 10.00 - 13.30

ONSDAG : kl. 16.00 - 19.00

TORSDAG : kl. 10.00 - 13.30



## VAKSNE

Crais, Robert:  
Lukkøyebyen

Olsen, H. M.:  
Tilfeldig utvalg

Scheen, Kjersti:  
Ingen applaus for morderen

Sheldon, Sidney:  
Ingenting varer evig

Tan, Amy:  
Hundre hemmelige sanser



## FERIE!

BIBLIOTEKET ER STENGT I TIDA 01.07 - 05.08.96

## LESETIPS

### BARN/UNGDOM

Dahl, Tor E.:  
Mystisk møte

Eriksen, Helga G.:  
Donna Q

Jonsmoen, Ola:  
Bikkjeredd

Kvasbø, Alf:  
Rått farvel

Uri, Helene:  
Anna på fredag



## **RIDEKURS PÅ OGNØY**

15. og 16. juni

Det vert arrangert ridekurs på Ognøy for alle i alderen 6-90 år. Det vert eigne grupper for vaksne og born. Mest for nybegynnarar, men dersom mange erfarte meld seg på lagar vi ei eiga gruppe for dei.

Vi ynskjer at det vert starta ein køyre -og rideklubb på Bokn. Dette kurset vert arrangert for å sjå kva interesse det er for ein slik klubb. Dersom datoene ikkje passar men du er intressert så ring likevel.

Det er viktig at dette ikkje vert ein rein ungdomsklubb men meir ein familieklubb kor alle kan gjera noko saman. Så har du lyst til å prøve for fyrste gong, henta opp gamal erfaring eller verta ivrig innen sporten ridning så møt opp uansett alder.

Oppmøte : Ognøy, lørdag 15.06.96

Klokka: 11.00.- ca. 15.00

Pris : 200 kr

Påmelding innan 9.juni  
til Erik Eikje 52748283  
eller Åse Bratthammer 52748669

Arrangør: Hestegruppa innen Bokn næringsutvikling.



## **SOMMARMARKNAD I KROJEN**

Lørdag 13. juli kl. 10.00 - 15.00 er det igjen tid for sommarmarknad i Krojen. Marknaden blir sånn som han har vore i fleire år nå. Sjøhuset har gått gjennom fleire forandringar sidan den første marknaden, og i år er det klart for kafé også i 2. etasje. 17. mai i år blei 2. etasje opna for kafé- og selskapsdrift.

I tillegg til kaffimat kan du også kjøpa deg middag. I tillegg til kafédrift inne blir det eit yrande liv ute med mykje god mat. Det er også høve for interesserte personar til å selja t.d. bruksting denne dagen. Berre husk å melda deg på i god tid til oss på butikken, 52 74 83 14.

Vel møtt!

Steinar og Ingebjørg

# **TAKK!**

Bokn musikkorps v/dirigent og styre vil takka alle som støtta korpset med å kjøpa lodder og ellers tok del i dei andre aktivitetane korpset hadde 17. mai!

Spesielt vil me takka Reidun Grønnestad og Ingjerd Thuestad som broderte og monterte den flotte bunaddokka som vart lodda ut - samt Kjersti Nygaard, Wenche L. Havikbotn, Lene Jensen og Kristi Laupland for marsjdeltaking!

- styret -

## **ØL OVER DISK I 3 MÅNADER**

Det er nå over 3 månader sidan Bokn kommunestyre ga salsløyve for øl over disk til Bokn Handelslag og Steinar Alvestad.

Sjølv om det er altfor kort tid å dra slutningar omkring salsutviklinga, seier styrar Annbjørn Sunde at Bokn Handelslag totalt sett i desse 3 mnd. har hatt noko auke i omsetninga. Steinar Alvestad har ikkje oversikt over kor vidt dei i denne tida har hatt auke i salet, men seier at han har inntrykk av at det er som før.

I begge butikkane seier dei at det nå så og seja ikkje er sal av heile kassar, men at folk kjøper i mindre kvanta. Ved Bokn Handelslag seier dei at det er fleire nå som kjøper øl enn før, men i mindre kvanta.

### **AVGIFTER TIL KOMMUNEN**

Bokn kommunestyre har vedtatt at dei avgiftene som kjem inn til kommunen frå sal og skjenking av alkoholhaldig drikk skal gå til barne- og ungdomsarbeid hos frivillige lag og organisasjonar.

Det er vedtatt at Forvalningsstyret skal vera kontrollutval når det gjeld skjenking av øl og vin og sal av øl. Etter forskriftene skal det også tilsettast kontrollørar som skal sjå etter at dette foregår etter visse retningsliner. Administrasjonen foreslår i ei sak for ovannemnde kontrollutval at ein tilset kontrollørar frå 1997, og at utgiftene til dette vert dekka av alkoholavgiftene.

---

## **IKKJE FLEIRTAL FOR TVANGSSAMANSLÅING AV KOMMUNAR**

Eit fleirtal i kommunalkomiteen avviste torsdag 30. mai Regjeringa sitt initiativ om å oppretta eit nasjonalt inndelingsutval som saman med Fylkesmennene skulle koordinera og oppmuntra til samanslåingar av kommunar.

Berre AP står fast på Gunnar Berge sitt forslag om å oppretta eit slikt utval, skriv Stavanger Aftenblad den 31.05.96. Sp sin kommunalpolitiske talsmann Morten Lund seier til same avis at innstillinga som kommunalkomiteen har lagt fram er ein siger for det kommunale folkestyret. Han var mannen bak

Stortinget sitt tidlegare vedtak om å seja nei til tvang mot kommunar. Han seier til Aftenbladet at fleirtalet slår fast at ingen kommunar skal samanslåast mot sin vilje, og at alle utreiingar om grensereguleringar og samanslåingar heretter skal starta med lokale initiativ.

Sjølv om fleirtalet avviser ein «toppstyrte» reformrunde i dag, ville ikkje det same fleirtalet vera med på Erling Folkvord (RV) sitt framlegg om å lovfesta at kommunane kan vegra seg mot tvangssamanslutningar.

# **INNBROTEL PÅ KULTURKONTORET**

Natt til 24. april blei som kjent for mange PC'en på kulturkontoret støle. I den var m.a. samtlege motivbeskrivelsar til bildene frå innsamlingane i 1994 samt notebibliotek til musikkkulen og Bokn musikkorps. Sjølve bildene var også i maskinen, ferdig innscanna.

I Haugesund Avis nokre dagar etter stod det at tjuvane stal bygdeboka. Det stod også at uerstatteleg materiale var forsvunne for godt sidan nokre informantar ikkje levde lenger.

Artikkelen var med vilje forma på denne måten for å skapa därleg samvittighet. Det blei ikkje sagt til journalisten at samtlege kladdar av motivbeskrivelsane til alle bildene er i kommunens arkiv. Dessutan går det ikkje an å stela ei bygdebok som ikkje er påbegynt.....

Men artikkelen har dessverre ikkje ført til at tjuveriet er oppklart, og arbeidet med å føra inn motivbeskrivelsane samt rekonstruering av notebiblioteka må nok gjerast om igjen. Dette utgjer ca. eit halvt årsverk.

Det meste som er borte frå underteikna sitt arbeid gjennom 10 år finst der papirkopi av, og ved innsanning av aktuell tekst vil det meste bli ajour, men det vil ta si tid.

Det som dessverre var heilt sant i artikkelen i Haugesunds Avis var den tomme backup-kassetten. Ein såkalla DMA-konflikt ved dei siste backup-tagningane har sannsynlegvis forårsaka dette. Dette har ført til at fleire er veldig forsiktige med data-materiellet, og det blir nok i framtida tatt minst to kopier av dei same dataene!

Fagpersonar har i fleire veker prøvd å finna igjen innhaldet på backup-tapen, men dei kjem berre til at der er liv der. Når dei prøver å gå lengre, blir det dessverre berre kaos på tapen.

Me håpar også å få igjen arbeidspengar på forsikringa, og at kommunen om ikkje så lenge blir ajour i bygdebokarbeidet.

- kulturleiaren -

## **PROTOKOLLAR FRÅ BOKN UNGDOMSLAG?**

Er det nokon som har protokollar, møtebøker eller anna materiell frå Bokn ungdomslag liggjande? Bokn kulturkontor har interesse av dette, både av kulturhistoriske grunnar og for å kunna arkivera det forsvarleg for ettertida. Ta ev. kontakt med Jardar på kulturkontoret.

# KONSERT

MED

## tirsdag 11. juni "KAIVA"

kl. 1930:

GRATIS INNGANG. KOLLEKT  
TIL DEKNING AV UTGIFTER

### Bokn kyrkje



#### Koret

ble grunnlagt i 1960 og er knyttet til kulturhuset i byen «Ventspils». Det består av 60 sangere. 40 av dem blir med til Norge. Mange er studenter, andre er yrkesaktive. Dirigenter er Minjona og Andris Rebhúns. Fast pianist er Sandra Sproge.

Dette er et amatørkor, det vil si at de fleste av sangerne ikke har noen formell musikkutdannelse. Men det betyr ikke at det er et dårlig kor. Tvert imot !

#### Repertoaret

er todelt. Den ene delen består av Latvisk og Europeisk folkemusikk, den andre av «klassisk» kirkelig og profan kormusikk fra renessansen opp til vår tid. Også musikk fra skandinavia inngår i programmet. Bl.a. holder de på å øve inn vår nasjonalsang og en folkevise fra Ryfylke til denne turnéen. Størsteparten av repertoaret synges acapella, dvs. uten instrument til.

**Ferie i Norge eller utlandet betyr at en del praktiske detaljer må være godt gjennomtenkt på forhånd.  
La oss i SR-BANK hjelpe deg.**

**PERSONKORT**

Dette er et betalingskort som kan brukes til betaling av varer og tjenester, samt uttak av penger i inn- og utland.

Kortet gir deg større handlefrihet til å kunne foreta uforutsette kjøp og dermed også spare penger.

**REISEFORSIKRING**

Europeisk reiseforsikring dekker deg og din familie for reisegods, reiseulykke, reisesyke, hjemtransport og reiseansvar under reiser i hele verden. Du betaler ingen egenandel.

**TRYGG OPPBEVARING AV VERDISAKER**

Du får større glede av ferien når du vet at ting du er redd for er i trygge hender. En rekke av SR-BANK's kontorer har bankbokser til utleie, og vi tar også imot store og små verdigjenstander til oppbevaring.

**UANSETT MARK, LIRE, PUND ELLER  
PESETAS – SR-BANK HAR DET DU  
TRENGER AV REISEVALUTA.**

ÅPNINGSTIDENDE ER SOM FØR.

MAN-TIR-ONS-FRE FRA KL 08.15-15.00  
TORSDAG FRA KL 10.00-17.00

GOD SOMMER



HILSEN  
SR BANK BOKN

## **LEDIG STILLING FOR ORGANIST**

Frå 1.september d.å. blir det p.g.a. oppnådd pensjonsalder ledig ein 20% deltidsstilling som organist ved Bokn kyrkje.

Stillinga vert løna etter kommunen sitt lønsregulativ i still. kode 6733 l.r.2. Søkjurar må vera medlem av Den norske kyrkja.

Søknad skal sendast til Soknerådet i Bokn v/ Sigvart Våga, 4290 Bokn innan 31. juli 1996. Sigvart Våga kan også gi nærmere opplysningar om stillinga.

## **SØKJER SOMMARJOBB!**

Eg er 15 år og ønskjer sommarjobb.

Alt av interesse - også barnepass.

Tlf. 52 74 84 55 *Anne Margrethe Faye*

## **Påmelding/startkontingent**

### **Firebruersløpet**

- Forhåndspåmelding innan 20. juni, kr 70,- (Bruk postgiroblanketten.)
- Påmelding ved start, seinast kl 13.00, kr 100,-

### **Bruamarsjen**

- Påmelding ved start, kl 11.00 – 15.00

Vaksne kr 60,-

Barn under 16 år kr 30,-

Medl. rabatt kr 10,- pr pers.

## **Premiering**

Premier til beste kvinne og mann i halvmaraton 10 km og 5 km.

Gavepremier uttrekt på startnummer.

## **Deltakermedalje/merke**

- 1 års deltagning: Bronsemedalje (motiv Boknasund bru)
- 2 års deltagning: Bronsemerke (motiv hjulbåten "Ryfylke")
- 3 års deltagning: Bronsemerke (motiv hjulbåten "Ryfylke")
- 4 års deltagning: Sølvmedalje (motiv Boknasund bru)
- 5 års deltagning: Sølmerke (motiv natrutra "Kong Sverre")
- 6 års deltagning: Sølmerke (motiv natrutra "Kong Sverre")

## **TAKK TIL 17. MAI - HJELPARANE**

17. mai komiteen i Bokn vil retta ein stor takk til alle som var med og gjorde 17. mai til ein festdag. 17.mai er ein dag der mange , både små og



# **søndag 30. juni 1996**

## **Firebruersløpet**

**Halvmaraton (21,0975 km)**

Løype: Bokn skule (Føresvik) om Vatnaland – Are – Boknasund bru – Våge – Bokn skule

**10 km**

Løype: Bokn skule (Føresvik) – Knarholmen – Boknasund bru – Våge – Bokn skule

**NYTT AV ÅRET: 5 km**

Løype: Bokn skule – Boknasund bru – Bokn skule

## **Bruamarsjen**

**(21,0975 km)**

Løype: Som for Firebruersløpet

**10 km**

Løype: Som for Firebruersløpet

**5 km**

Løype: Bokn skule – Boknasund bru – Bokn skule

## **Start**

**Firebruersløpet: 5 km kl 13.00**

For begge distansane (10 km + Halv maraton): Bokn skule (Føresvik) kl 14.00

### **Bruamarsjen**

5 km, 10 km og 21,1 km: Bokn skule frå kl 11.00 til 15.00

store har ei eller anna oppgåve, anten som medlem av eit lag eller som hjelpar på kjøkkenet.

**Takk til alle og vel blåst!**




## TRYGDEBUSTAD TIL LEIGE

Bokn kommune har 1 trygdebustad til leige frå 1. september 1996.

Bustaden ligg i rekkehus nord for Boknatun i Føresvik, og har stove/kjøken, soverom, bad/vaskerom, gang, innvendig bod og del av utvendig bod. Arealet er på ca. 61 m<sup>2</sup>.

Dei fleste pensjonistar vil vanlegvis få redusert husleige i form av bustøtteordningar. Nærare opplysningar om husleigeberekning og søknadsskjema får ein ved å venda seg til Bokn sosialkontor. Søknadsfrist: 01.08.96.



### ØNSKES KJØPT

Brukt hustelt eller vanleg 4-6 manns telt ønskes kjøpt.

**Heidi - tlf. 52 74 83 81**

### REDNINGSVEST BARN 15-30KG

til salgs for ca. halv pris. Fint brukt.  
tlf. 52 74 85 66

### *Har du en PC hjemme som du ikke mestrer?*

Jeg tror jeg kan lære deg det mest elementære innen Windows 3.1, Windows -95, filbehandling under Windows, operativsystemet under MS-DOS og tekstbehandlingsprogr. Word for Windows 6.0C.

For mer informasjon, ring Karin på tlf. 52 74 84 72 på kveldstid etter kl. 18.00. (Ref.: eksamen fra BI 1991 i «Personlig databehandling og EDB-kandidat-studiet i 1993.»)

## BOKN BYGDABLAD

### UTGJEVAR:

Bokn kommune,  
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00  
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto 3373 07 00305

### BYGDABLADNEMND:

Arvid K. Jøsang, Eli Kro  
Reidun Grønnestad  
**REDAKTØR:** Reidar Alvestad

### ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

### ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300,-  
Halv side: kr. 150,-  
¼ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-  
Små privatannonser: kr. 10,-

### FRIST FOR STOFF:

Den 20. kvar mnd. 10 nr. årleg

## ARRANGEMENT:

- 05.06: Bokn sanitetsforening har basar på Bokn bedehus.  
07.06: Speidartur til Vågholmen  
09.06: « « «  
11.06: Kl. 19.30 Konsert i Bokn kyrkje med koret «Kaiva» frå Latvia. Kollekt til dekn. av utgifter vedr. koret.  
16.06: NMS - Bokn bedehus kl. 19.30  
23.06: Speidarane arrangerer St. Hansfeiring i Peralia  
30.06: Firebruersløpet. Arr: Bokn Idrettslag

**BOKN BYGDEMUSEUM**  
har ope kvar sundag kl. 15.00 - kl. 18.00 i mnd. juni, juli og august

23.06: Gudsteneste kl. 11.00 v/ vikar.  
Offer til Israelsmisjonen.

**FOTTERAPI**  
Kvar onsdag. Påmelding i tlf. 52 74 82 95 - Rita Jensen

**LENSMANN**  
*Første fredag i kvar mnd.  
kl. 10.00 - 12.00 i Boknatun*

**LANDBRUKSKONTORET**  
*Kvar fredag kontordag i Boknatun*

**Miljøvernleiaren** i Bokn har kontortid mandagar, tysdagar og halv dag på onsdagar

**Ordføraren** er å treffa på Boknatun torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00

**HELSESTASJONSDAG**  
Måndagar 9 -11.30.  
Elles etter avtale.  
**Marie Løvoll Faye**  
helsesøster

**FERIE - LEGEKONTORET**  
Dr. Inberg har ferie i juni.  
Dr. Christensen vikarierer, og har kontortid kvar torsdag i juni. Time kan bestillast på førehand ved kontakt med sjukestova.

Eg etterlyser VHS videokassett - kjennemerke på kassetten er rød tape i det eine hjørnet. Kassetten inneholder NRK-reportasjer frå Bokn.  
Ev. opplysningar kan gis til Leif Vatnaland tlf. 52 74 83 12 eller 946 08871.